



BKK Produksjon AS
Stien 15
5984 MATREDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/206 - 19/3726

Saksbehandlar:
Thomas Skår
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:
11.06.2019

Melding om delegert vedtak - Søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn gbnr 52/16

Administrativt vedtak. Saknr: 084/2019

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningslova § 11 og godtar søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn på gbnr 52/16, Matre.

Søknad med vedlegg mottatt 21.03.2019 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Eigar av anlegget må inngå avtale om tømning av tett tank med godkjent renovatør, kopi av avtale sendast kommunen. Plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
- Ferdigmelding må sendast til kommunen når tiltaket er ferdig.

Heimel: Forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5

Ansvar: BKK Produksjon er ansvarleg søker for tiltaket. HAFS Elektro & Rør AS vert godkjent som ansvarleg for PRO og UTF.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av

tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

17.2.1	Utslepp ferskv/sjø. < 50 PE	1	3600,-
---------------	---------------------------------------	----------	---------------

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

BKK Produksjon AS

Stien 15

5984

MATREDAL

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 21.03.2019 søkt om løyve til utslepp av sanitært avlaupsvatn gbnr 52/16, Matre.

2. Uttale

Ikkje naudsynt.

3. Fakta

Saka gjeld søknad om sanitært avlaupsvatn gbnr 51/16, Matre. Omlegging av eksisterande avlaup under ombygging av kraftstasjon. Avlaup frå WC går til tett samletank med alarm. Gråvatn blir ført til eksisterande avlaupsløysning. Utsleppstad vert sjø.

4. Vurdering

HAFS Elektro & Rør AS har erklært ansvarsrett for prosjektering og utførande innvendig sanitær og avlaupsanlegg, i tiltaksklasse 1 for PRO og tiltaksklasse 2 for UTF. Ved søknad om utsleppsløyve vert det gitt løyve med forbehold om at vilkåra for utslepp vert oppfylt.

Eigar av anlegget må inngå avtale om tømning av tett tank med godkjent renovatør, kopi av avtale sendast kommunen

5. Konklusjon

Søknad om sanitært avlaupsvatn vert godkjent som omsøkt.